



Ing. Asbjørn Danielsen AS
Fabrikkgaten 5
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2922 - 15/8490

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.04.2015

Løyve til endring av ansvarsrettar - tiltak på gbnr 137/201 Alver.

Administrativt vedtak. Saknr: 131/15

Tiltakshavar: Elisabeth og Henning Knutsen
Ansvarleg søkjar: Ing. Asbjørn Danielsen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saka gjeld

Saka gjeld søknad om endring av ansvarsrett for ansvarleg søkjar og prosjekterande. Ing Asbjørn Danielsen søkjer no om ansvarsrett for desse funksjonane.

Søknaden er send inn saman med søknad om igangsetjingsløyve for tiltaket. Ing. Asbjørn Danielsen søkjer også om ansvarsrett for uavhengig kontroll av våtrom og lufttetteik. I tillegg ligg det føre søknad om ansvarsrett for utførande frå føretaket Bygg & Eigedom AS. Kommunen finn det naturleg å handsama alle søknadane om ansvarsrettane i denne saka.

Endringa gjeld løyve datert 09.10.2014.
Det vert vist til søknad mottatt 26.03.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.03.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Ing. Asbjørn Danielsen AS**, org.nr. 914217857, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)** for tiltaket.



Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for SØK.

Føretaket **Ing. Asbjørn Danielsen AS**, org.nr. 914217857, har søkt ansvarsrett som **prosjekterande (PRO) for tiltaket.**

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt fram organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen si vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Bygg & Eigedom AS**, org.nr. 943571422, har søkt ansvarsrett som **utførande (UTF) for tiltaket.** Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Ing. Asbjørn Danielsen AS**, org.nr. 914217857, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde **kontroll (KTR) av våtrom og lufttettleik.**

Kontrollerande føretak skal i følgje SAK § 14-1 ikkje ha personleg eller økonomisk tilknytning som kan påverka kontrollen. Dette skal bekreftast i søknaden.

Føretaket har ikkje erklært å vere juridisk og økonomisk uavhengig det føretaket som utfører arbeidet. Kommunen registrerer også at føretaket Ing. Asbjørn Danielsen AS og Bygg & Eigedom AS har personidentisk leiar og styreleiar, jf. opplysningar i einingsregisteret. Det vert vurdert at føretaket ikkje stettar krava til uavhengig kontroll. Søknaden om ansvarsrett for kontroll vert avslått.

Bark AS sin godkjende ansvarsrett i vedtak datert 09.10.2014, som ansvarleg søkjar og prosjekterande, går ut.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK), 23-5 (PRO) og 23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.K L.	ANSVARSMRÅDE
SØK	Ing. Asbjørn Danielsen AS	914217857	L	1	Ansvarleg søkjar
PRO	Ing. Asbjørn Danielsen AS	914217857	L	1	Prosjekterande for tiltaket.
UTF	Bygg & Eigedom AS	943571422	S	1	Utførande for tiltaket

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-7 (KTR) gjev kommunen avslag på søknad om ansvarsrett for føretaket **Ing. Asbjørn Danielsen AS**, org.nr. 943571422, for ansvarsområdet kontroll (KTR) av våtrom og lufttettleik. Grunngevinga for vedtaket går fram av vurderinga over.

Bark AS sin godkjende ansvarsrett som ansvarleg søker og prosjekterande går ut.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/2922.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt handsaming – endringsløyve	1	Kr 2 900,-
10.2.9.a	Godkjenning av ansvarsrett per føretak som har sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
10.2.9b	Godkjenning av ansvarsrett per føretak som ikkje har sentral godkjenning	1	Kr 2 500,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 6 400,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vera grunngeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Elisabeth og Henning Knutsen

Stølen 37

5911

ALVERSUND